



Samspelet var utruleg bra under konserten (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei som ikkje tok turen til Aktivitetshuset søndag ettermiddag, gjekk verkeleg glipp av ein flott konsert.

Dei unge og dyktige musikarane i HUBB og det lokale bandet Brazzooka gav eit gledeleg stort publikum ei konsertoppleving som osa av kvalitet, trøkk og presisjon!!

Konsertprogrammet var godt samansett, og det veksla mellom fellesnummer der Brazzooka ofte hadde solistrolla, og nummer der dei to gruppene spela kvar for seg. All musikken hadde tilknytning til, eller var inspirert av, den amerikanske gruppa The Youngblood Brassband. Dirigenten Pål Magne Austnes-Underhaug hadde arrangert stykka HUBB spela, medan brørne Sebastian og Marius L. Torjusen hadde skrive kvar sitt stykke for Brazzooka. Alt var musikk som publikum sette pris på. Samspelet mellom HUBB og Brazzooka fungerte perfekt, og profesjonelt lydopplegg sikra og at balansen mellom dei to gruppene vart veldig god.

I tillegg tilall den gode musikken frå HUBB og Brazzooka vart og konsertprogrammet kydra med at Sebastian L. Torjusen og Pål Magne Austnes-Underhaug framførte duett på sousafon. Dyktig og godt framførte dei eit artig stykke.

Aktørane fekk langvarig og fortent ståande applaus etter den imponerande framføringa. Det varverkeleg ei kjekk stund. Elles var detblomeoverrekking til aktørar som hadde hatt spesielle oppgåver på konserten ogpå samlinga elles. Den største blomebuketten gjekk velfortent til Spar ved Bente Nilsen. Dei hadde sponsa maten til samlinga, og det var naturlegvis både HUBB og skulemusikken svært takksame for.

I tillegg overrekte Thor Inge Døssland i skulemusikken krus med bilde frå Uskedalen til leiarane i HUBB, Kjersti Pisani og Ole Johan Aarlie, og dirigent Pål Magne. Austnes-Underhaug. Desse var laga og vart sponsa av Kvinnherad Vekstbedrift AS.

Uskedal skulemusikk har no 4 faste medlemmer i HUBB. Dessverre var to av dei så uheldige at dei hadde forfall i helga. Positivt var det at to fekk prøve seg i denneflotte samanhengen for første gang som vikarar. Det

var Lene Storevik Myklebust (baryton) og Eirin Rørheim Kjærland (kornett). Begge seier at dei hadde ei kjempehelg.

Thor Inge Døssland kan elles rapportere om ei svært vellukka samling. Både musikalsk og sosialt fungerte det flott. Han kan fortelja om aktivitetar på kvelden der både leiarane og ikkje minst musikantane viste innstilling og kreativitet det var kjekt å vera vitne til. Imponerende dyktige der og! Thor Inge vil og bringe ei takk til alle skulemusikkforeldre som hjelpte til å gjere samlinga så vellukka.

-Det var berre ein ting som var synd. Det var at nokre medlemmer gjekk glipp av heile samlinga, og nokre måtte reise heim pga sjukdom. Elles var det kort sagt ei kjempehelg, avsluttar korpsentusiasten Thor Inge.

Av Thor Inge Døssland og Ola Matti Mathisen



Det var bra framømte til konserten (Foto: Ola Mati Mathisen)